

Kommunal forvaltningsplan for hjort 2021 - 2024

Sande kommune



Godkjent av Næring, teknisk og miljøutvalet, sak NTM-09/21.

Dato 20.01.2021

Forord

Naturforvaltningsnemnda i Sande sette i gong arbeidet med utarbeiding av kommunal målsetnad for hjorteviltforvaltninga mellom anna på bakgrunn av rapporten "Kommunal hjorteviltforvaltning i Møre og Romsdal" frå 2009 der eit av råda frå Norsk Hjortesenter var å jobbe med utarbeiding av kommunale temaplanar for hjortevilt, med klar samanheng mellom målsetnader, datainnsamling – og registrering, samt evalueringsform for måloppnåing. I den nye forskrifta for forvaltning av hjortevilt frå 2012 er det innført krav om at kommunen skal vedta målsettingar for utviklinga av hjorteviltbestandane der det er opna for jakt på artane.

Arbeidet vart oppstarta med eit opne møte i mai 2011 der viltforvaltar Tormod Meisingset deltok.

Naturforvaltningsnemnda oppnemnte i sak NAT-22/11 ei arbeidsgruppe som skulle stå for utarbeidinga av kommunal forvaltningsplan for hjort i Sande. Arbeidsgruppa har vore samansett av Sunniva Nyhagen Nupen (leiar), Bjarte Rovde og Wenche Bjørkeng (Naturforvaltningsnemnda), Jens Kvamme (Kvamsøy vald), Ronny Våge (Sandsøy vald), Oskar Rekdal og Egil-Johan Rovde (Gurskøy Sør vald). Valda oppnemnte sine representantar til arbeidsgruppa sjølv. Kristin Wadsten, Landbrukskontoret, har vore sekretær for arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa har hatt seks arbeidsmøte. I tillegg har det vore halde to opne møte der grunneigarar, valdsleiarar, jegerar og andre interesserte var spesielt inviterte. På møtet i mai 2011 møtte i alt 18 personar og på møtet i mai 2012 deltok i alt 10 personar.

Planarbeidet vart avslutta i oktober 2012.

Det vart i møte i NTM-utvalet 26.08. 2020 i sak NTM-50/20 gjort vedtak om å starte arbeidet med rullering av planen. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med folkevalde frå NTM-utvalet, representantar frå hortevalda og representant for Herøy og Sande Jeger- og Fiskeforening. Frå NTM-utvalet deltok Sindre Slettestøl (leiar for arbeidsgruppa), Nina Myklebust Løddøen, Mathias B Gjerde. Marion Flatøy Bringsvor og Anne Lise Johansen har vore vara. Frå valda deltok Jens Kvamme, Geir Magne Sætre og Bjarte Rovde. Valda oppnemnde sine representantar sjølv. Frå HSJFF vart Egil-Johan Rovde valt til å delta. Toril Urkedal ved landbrukskontoret har vore sekretær for gruppa.

Det har vore halde 4 møter i gruppa. Grunna ein global pandemisituasjon vart det i første møte bestemt at ein ikkje kallar inn til opne møter i arbeidet. Det har vore publisert på nett og i avis at arbeidet er i gang, og grunneigarar og andre interesserte har vore invitert til å kome med innspel.

Skriftleg innspel frå Torleiv Storegjerde om å legge til rette for hjorten andre stader enn på dyrka mark, er tekne med i planen.

Planen har vore påhøyring hos:

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal – no Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Herøy kommune
- Hareid kommune
- Ulstein kommune
- Vanylven kommune
- Bondelaget – lokal representant
- Bonde- og småbrukarlaget – lokal representant

Det kom inn eitt høyringsvar, frå Herøy kommune. Landbruksavdelinga er vertskommune også for Hareid og Ulstein kommunar, og uttalen refererer til praksis for alle desse kommunane.

Uttalen frå Herøy etterspør meir konkrete tiltak i høve til å redusere avlingstap. Det er drøfta undervegs i arbeidet at ei betre oppfølging av driveplikta vil kunne bidra til å avgrense konsentrasjonen av beitande hjort på dyrkamark, og såleis legge til rette for fleire gode beiteområder for hjorten. Tiltaket er nemnt i tekstdelen, og er no også teke med på tiltakslista.

Det var vidare bemerkta at forvaltningsplanen legg meir detaljert styring for bestandsplanar enn forskrifta krev. Desse rammene var grundig drøfta i gruppa, der valdleiar for einaste valdet med bestandsplan var deltakar. Sande kommune har berre eitt vald som fyller arealkravet for å kunne få godkjent bestandsplan slik valda er organisert no. Gruppa meiner teksten skal stå.

Innhald

Forord.....	2
Innhald.....	4
1.0 Bakgrunn for planen.....	5
2.0 Hovudmålsetting.....	7
3.0 Planføresetnader.....	8
3.1 Kommunedata.....	8
3.2 Bestandsregulering.....	8
3.3 Skadar og utgifter.....	9
3.4 Avgjerdsgrunnlag.....	10
3.5 Tildeling av fellingsløyve.....	12
4.0 Hjort.....	13
4.1 Utvikling i hjortebestanden.....	13
4.2 Mål for hjorteforvaltninga i Sande.....	15
4.3 Rammer for bestandsplanar.....	16
4.4 Mål for organisering av bestandsplanområde.....	17
4.5 Mål for dei enkelte områda.....	17
5.0 Jakttid.....	18
6.0 Tidsfristar og oppgåver.....	19
7.0 Oversikt over målsettingar og tiltak.....	20

1.0 Bakgrunn for planen

Etter § 3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt gjeldande frå 08.01.2016 skal kommunen vedta målsettingar for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr der det er opna for jakt på arten/artane. Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Dette krev at vi arbeider for å få best muleg kunnskap om og oversikt over storleiken på hjorteviltstammen/stammene i kommunen og korleis den/dei er samansett. Vi må også ha kunnskap om kva beitegrunnlag det er for hjortevilt i kommunen, kva skadar hjorteviltet gjer i høve til jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på vegane våre. Ut frå dette må vi sette målsetningar om korleis vi ønskjer at hjorteviltbestanden skal utvikle seg. Ei god forvaltning krev i tillegg godt gjennomarbeidde forvaltningsmål for dei enkelte bestandsplanområda og evne til å gjennomføre dei måla vi har sett oss.

Etter forskrifta om forvaltning av hjortevilt bør to eller fleire kommunar samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandane når der er hensiktsmessig å samordne bestandsplanlegginga over kommunegrensene. Fylkeskommunen kan pålegge kommunar å inngå eit slik samarbeid.

Den lokale viltforvaltninga kan i hovudsak delast i to grupper:

- private aktørar – grunneigarar / rettshavarar
- offentlege aktørar – kommunen

Aktørane har definerte roller og oppgåver i høve til Viltloven og Forskrift om forvaltning av hjortevilt. For å få den lokale forvaltninga til å fungere så godt som muleg er det viktig at aktørane er kjent med og forstår sine roller og oppgåver. For å få til ei god forvaltning er det også viktig med forutsigbare, ansvarlege og aktive aktørar.

Det har vore eit mål frå overordna mynde at all forvaltning av hjort skulle vere bestandsplanbasert. Det var i 2019 i alt åtte vald i kommunen, eitt av dei hadde godkjent bestandsplan. Valdet med bestandsplan omfatta 61,4 % av det teljande arealet og felte 72 % av dyra.

Bestandane av hjortevilt har auka sidan 1970-talet. Dette skuldast fleire årsaker. Det blir skote færre dyr enn det som blir fødd inn i bestandane kvart år, og jakta er blitt lagt om slik at det blir skote færre produktive hodyr kvart år. Hjorteviltbestandane utvidar leveområda, dels som følgje av gjengroing av kulturlandskapet, dels som følgje av eit mildare klima. Omlegging av skogbruket med ein overgang til hogstflater der det gror opp mykje næringsrik mat, gjev i periodar vesentleg betre mattilgang.

Strategi for forvaltning av hjortevilt DN-rapport 8-2009 synleggjer kva utfordringar forvaltninga av hjortevilt vil komme til å møte i åra framover, og kva overordna grep Direktoratet for naturforvaltning meiner er naudsynte for å møte desse. Strategien definerar fem konkrete mål:

”1. Forvaltningen skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestander, et rikt biologisk mangfold og naturens framtidige produksjon av varer og tjenester.

2. Forvaltningen skal ha bred samfunnsaksept og legitimitet.
3. Forvaltningen skal sikre samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktører og med berørte sektorer.
4. Forvaltningen skal være basert på høy kompetanse på alle nivåer.
5. Forvaltningen skal stimulere til økt kvalitet og mangfold på opplevelser, tjenester og produkter.”

I forvaltninga må vi også ta omsyn til Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Føremålet med loven er i følge §1 (lovens formål):

”Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.”

Definisjonar:

- *Hjortevilt*: Elg hjort, villrein, rådyr og dåhjort.
- *Teljande areal*: Det arealet som skal leggest til grunn for berekning av fellingsløyve.
- *Minsteareal*: Det teljande arealet som skal leggest til grunn for kvart dyr det blir gjeve fellingsløyve for.
- *Vald*: Det geografiske området som kommunen godkjenner for jakt på hjort.
- *Jaktfelt*: Eit mindre geografisk område innan eit vald, som jaktrettshavarane har avgrensa av omsyn til jaktutøvinga.
- *Bestandsplanområde*: To eller fleire vald i eit forpliktande samarbeid, som har felles målsettingar og bestandsplan for hjorteviltartane det blir jakta på i området.
- *Bestandsplan for hjortevilt*: Jaktrettshavarane sin offentleg godkjente, fleirårige plan med målsettingar for forvaltninga, og beskriving av den årlege avskytinga for hjortevilt.
- *Hjorteviltregisteret*: Nasjonal databank som lagrar vald- og jaktfeltsopplysningar, ivaretek statistikk frå jakt og jegerobservasjonar, samt legg til rette for utskriving av fellingsløyve og fellingsrapportar.

2.0 Hovudmålsetting

Hovudmålsettinga for hjorteforvaltninga i Sande er å ha ein sunn hjortestamme med jamn kjønns- og aldersfordeling og med bestandsstorleikar som ikkje fører til uakseptable skadar og ulemper for andre samfunnsinteresser.

I følge Miljøstatus i Norge er det eit mål for hjortevilt å stabilisere bestandane av hjort innanfor eit nivå som til ei kvar tid blir vurdert å vere berekraftig, både i høve til kvaliteten i bestanden og i høve til verksemd i andre sektorar, mellom anna skogbruk og samferdsel.

Lov om jakt og fangst av vil (viltloven) § 1 (lovens formål):

”Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares.

Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.”

Forskrift om hjorteviltforvaltning gjeldande frå 08.01.2016 § 1:

”Formålet med denne forskriften er at forvaltninga av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og berekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene.

Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikkje forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.”

3.0 Planføresetnader

3.1 Kommunedata

Sande er ein øykommune på om lag 93 km² på ytre søre Sunnmøre. Den største øya, Gurskøya, er delt mellom Herøy og Sande kommunar. Lengre vest ligg øyane Kvamsøya, Sandsøya og Voksa og i tillegg er det mange mindre øyer.

Sande kommune har eit variert landskap frå eksponert kyst med grunner, holmar og skjer via berg og strandenger, heier, jordbrukslandskap, myr, skog og til relativt alpine fjelltoppar. Landskapet består av forholdsvis bratte, men lave fjell, der det enkelte stadar er lågare land ut mot kysten. Høgaste toppane på Gurskøya er Sollia 661 m.o.h og Storetua 592 m.o.h.

Berggrunnen i Sande består hovudsakeleg av næringsfattige og sure gneis-bergartar, men det er også større førekomstar av amfibolitt og glimmerskifer. Det er også nokre førekomstar av kalkstein og olivin. I Sande varierer type og mengd av lausmassar mykje, med ein mosaikk mellom ulike typar lausmassar og bert fjell. Lausmassane er i stor grad moreneavsetningar frå siste istida. I hei- og myrområda er det etter siste istid danna torv av varierende tjukkeleik.

Klimaet i Sande er oseanisk. Det er følgjeleg høg årsnedbør, høg vintertemperatur og liten skilnad mellom sommar og vinter.

I 2020 var det godkjent 79.758 dekar teljande areal for hjort i Sande.

Sande kommune administrerte tildeling i høve til 81 158 dekar teljande areal i 2020. Noko areal vert administrert av Herøy, og Sande administrerer noko areal i Herøy. Dette grunna organisering av vald over kommunegrensene.

Teljande areal blir rekna heilt til topps, det vil seie til og med 661 m.o.h.

3.2 Bestandsregulering

Bestandane av hjortevilt har auka dei siste 40 åra på landsbasis.

Storleik og samansetnad av hjorteviltbestanden vil variere over tid i eit område. Dette skuldast endringar i produksjon og dødelegheit og variasjonar i inn- og utvandring frå området. Vi kjenner til at hjorten kan vandre langt, samstundes som det er ein god del meir stasjonær hjort. Observasjonar frå merkjeprojektet i regi av SSHU tyder på at det er ein god del hjort i området vårt som er ganske stasjonær og gjennomfører berre kortare trekk t. d mellom Gursken og Larsnes. Ut frå andre observasjonar kjenner vi til at hjorten også trekkjer over noko større avstandar t. d over fjordane våre. Vi må derfor legge til grunn at vi i tillegg til ein lokal meir stasjonær stamme også har ein del inn- og utvandring frå området.

Vi manglar gode opplysningar om trekkmonster, sjølv om vi etter kvart har ein del informasjon. Det vart i 2019 vedteke at Sande kommune skal delta i eit nytt merkeprosjekt, denne gongen GPS-merking. Dette vil gi nyttig informasjon om trekk og vandringar. Det er likevel lite vi kan gjere for å endre trekkmonsteret i vesentleg grad. Fokuset for regulering av

bestanden bør derfor vere på produksjon og dødelegheit og faktorar som påverkar desse i høve til den lokale bestanden.

Produksjonen i hjortestammen vil avhenge av fleire faktorar.

Kjønns- og aldersfordelinga i bestanden vil kunne påverke produksjonen. Det er viktig å ha nok hanndyr i bestanden til at kollene blir bedekt. Nok eldre bukkar vil medverke til at brunsten startar tidlegare. Ein får då tidlegare kalving året etter og legg grunnlaget for ein lengre beitesesong og betre vektutvikling enn for dyr som er fødd seinare. Ein god start med god vekst første året vil vere med å gje større og meir produktive dyr seinare.

Beitetilhøva vil også kunne påverke produksjonen i hjortestammen. År med dårlege vêr- og veksttilhøve kan føre til lågare vektor på kalv og ungdyr. Desse gruppene vil også kunne få dårlegare tilgang til beite i område med tett bestand. Konkurransen om maten er då større, og vektutviklinga for unge dyr vil bli påverka. Det har vist seg at dyr med låg vekt første året, vil ha låg vekt resten av livet. Vekt har også vist seg å vere ein viktig faktor for når hjorten kjem i brunst. Kor mange 1½-åringar som kjem i brunst vil derfor vere avhengig av vekta deira. I bestandar med sein kalving, dårleg tilgang på beite og /eller enkeltår med ugunstige vêrtilhøve vil derfor ein liten del av 1½-årskollene bli brunstige.


Jaktundersøkingar viser at jakta er den enkeltfaktoren som påverkar hjortestammen mest. Dette skuldast at dei aller fleste dyra dør som følgje av jakt. Det er i tillegg ein del naturleg avgang, særleg gjeld dette kalvar og svake i dyr når det er harde vintrar. Ein del dyr dør også som følgje av påkøyrslar.

3.3 Skadar og utgifter

Hjortebestanden på Vestlandet har etter kvart vorte så stor at den gjer stor skade på skog og innmark i mange område. Hjorten gjer også indirekte skade ved at den påfører enkeltpersonar, staten og kommunane store utgifter i samband med påkøyrslar, ettersøk og fjerning av dautt vilt.

Det blir påkøyrst hjort i Sande kvart år. Desse ulykkene medfører ofte materielle skadar på køyretøya. I dei tilfella dyra blir drepne på staden, er det Vegvesenet som grunneigar som tek kostnaden og arbeidet med å fjerne desse. I dei tilfella dyra ikkje blir drepne på staden er det kommunen si plikt å gjennomføre ettersøk for å avgjere om dyret er skadd og må avlivast eller ikkje. Kommunen brukar ein god del av inntektene til det kommunale viltfondet til arbeidet med ettersøk av trafikkskadd vilt.

Talet på trafikkulykker der hjort er involvert varierer frå år til år. I gjennomsnitt har det i perioden 2012 – 2019 vore 8 trafikkulukker med hjort i året.



Viltutlykkene skjer heile året, men særleg haustmånadane er utsett. Fordelinga gjennom året tyder på at dyra kryssar vegen i samband med trekk eller på veg til/frå beite.

Dei fleste ulykkene skjer på fylkesveg 61 og då på strekninga Leikongeidet – Larsnes.

Det er oftast ikkje personskadar i samanstøytane mellom bil og hjort, men materielle skadar i varierende omfang. Påkøyrslane endar med ulikt utfall for dyra. I nokre tilfelle dør hjorten på staden, andre gonger må dyra avlivast på staden. Dersom dyret flyktar, må det settast i gong ettersøk. I slike tilfelle endar ettersøket enten med at skadde dyr blir avliva eller at dyret blir "friskmeldt" viss det oppfører seg normalt. I nokre tilfelle greier ein ikkje å finne det aktuelle dyret, og ein må då forutsette at dyret har komme frå samanstøytan utan skader.

Kommunen har avtale med ettersøksjegarar som handterer ettersøk og eventuell avliving. Kommunen har ikkje eigen ettersøksekvipasje med hund. Dette vert leigd inn frå nabokommunar ved behov.


3.4 Avgjerdsgrunnlag

For å kunne forvalte ein hjorteviltbestand over tid er det viktig å skaffe seg best muleg kunnskap om bestanden og bestandsutviklinga. Dette er mål som er vedteke av sentrale mynde i Noreg og som skal vere det bærande prinsippet i hjorteviltforvaltninga. Systematisk innsamling av bestandsdata med høg kvalitet er derfor eit viktig ledd i den langsiktige forvaltninga.

Kunnskapen om hjortestammen i Sande er basert på innsamla data både i samband med jakt og resten av året. Dei beste kjeldene til kunnskap er dei vi har samla inn systematisk over mange år. Dette gjeld mellom anna fellingsstatistikk, registrering av irregulær avgang og

vårteljingar. I Sande har vi ganske lange tidsseriar for fleire av desse. Dette materialet kan vi nytte for å sjå på trendar og utvikling av bestanden. Vi har også ein del Sett-hjort registreringar dei siste åra. I jakta 2019 vart det registrert slaktevektar på alle felte dyr.

Siste åra har opplysningane vorte registrert i Hjorteviltregisteret. Her vert alle opplysningar bearbeida for kvar kommune og kvart vald, og er eit godt oppslagsverk i samband med forvaltninga. Det er avgjerande at opplysningar vert registrerte undervegs i jakta. All informasjon er med å danne bakgrunn for gode avgjerder i forvaltninga. Valda vert kvart år pålagt å registrere opplysningar.



I tillegg har vi informasjon frå prosjektet "Kartlegging av beitestatus i vinterbeiteområder for hjort på Søre Sunnmøre" som Bioforsk gjennomførte i 2007/2008 for Søre Sunnmøre Hjorteviltutval. I Sande var det området Tødenes–Larsnes-Myklebust som var med i undersøkinga. "Tilråding/beskrivelse: Hjortens beiting er antatt å ha liten til moderat effekt på beiteproduksjonen totalt sett. Beitetrykket på rognar var høyt og moderat (-høyt) på blåbær og bjørk. Dagens bestand av hjorten vurderes ikke for høy i forhold til beitepress og –grunnlag. Det vurderes likevel slik at det ikke er fornuftig med en økning av hjortebestanden med dagens situasjon. En økning av hjortebestanden vil kunne føre til økning i beitetrykk på de "gode" beitearealene og ha negativ effekt på beiteproduksjonen på sikt. På en relativt stor del av flatene ble det registrert beiting av husdyr (sau) og dette har hatt en meget klar effekt på beitefrekvensen og dermed beitetilgangen for hjorten. Det er med andre ord en konkurransesituasjon mellom sau og hjort på flere av beiteartene. En reduksjon i beitingen av sau vil sannsynligvis ha relativt stor effekt på beitetilgangen for hjorten." Beitemønster av husdyr har endra seg siste åra, fleire gardsbruk har avslutta drifta, og det er færre områder som vert beitt av td sau. Dei areala som er vert gjødsla og stelt, vert attraktive beiteområder for hjorten, særleg om våren. Ein ser større konsentrasjonar av hjort på slike områder enn tidlegare, og enkelte gardbrukarar opplever fôrtap som følgje av dette.

Søre Sunnmøre Hjorteviltutval gjennomførte for ein del år sidan eit merkjeprojekt der det også vart merkt dyr i Sande. Dyra i dette prosjektet var merkt med øyremerkje.

Observasjonane av dei merkte dyra tyder på at vi har ein god del hjort som er ganske stasjonær. Observasjonane av dei merka dyra tyder også på at dei lengre trekkja går meir nord - syd enn vi hadde trudd på førehand.

3.5 Tildeling av fellingsløyve

Tildeling av fellingsløyve til vald som er med i bestandsplanområde eller gjennom målretta avskyting (§18, 1. ledd i hjorteviltforskrifta) er basert på gjeldande minsteareal. Det er kommunen som fastsett minstearealet gjennom forskrift, jf. § 8 i hjorteviltforskrifta.

I lokal forskrift er minstearealet for Sande kommune sett til 600 dekar. Minstearealet gjeld for heile kommunen.

Ved tildeling av fellingsløyve og godkjenning av bestandsplanar kan kommunen fråvike minstearealet med inntil $\pm 50\%$.

Vald med godkjent bestandsplan får tildelt fellingsløyva som frie dyr etter reglane i § 18, 2. ledd.

Dei valda som ikkje er med i eit område med godkjent bestandsplan får tildelt fellingsløyve etter reglane om målretta avskyting i § 18, 3. ledd i hjorteviltforskrifta. Det er no berre eitt alternativ for tildeling av fellingsløyve for hjort til vald som ikkje har godkjent bestandsplan.

§ 18. *Fellingstillatelse for elg og hjort*

Kommunen tildeler årlig fellingstillatelser for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifisering på alder og kjønn, og avskytingen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald.

For vald uten godkjent bestandsplan beregnes antall fellingstillatelser ved å dividere valdets tellende areal med gjeldende minsteareal. Fellingstillatelse skal fordeles på følgende kategorier

a) elg: kalv ($\frac{1}{2}$ år), voksne hunndyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre), voksne hanndyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre),

b) hjort: kalv ($\frac{1}{2}$ år), voksne hunndyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre), spissbukk (bukk med ugreina gevir), og voksne hanndyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre).

For begge artene kan kalv felles i stedet for voksne dyr.

Kommunen skal sende fellingstillatelsen til valdansvarlig representant innen 15. juni.

Det er ikkje opna for jakt på elg i kommunen.

4.0 Hjort

4.1 Utvikling i hjortebestanden


Sidan 1992 har det kvart år vore felt mellom 70 og 172 hjortar i Sande. I 2019 vart det felt 143 dyr. Fellingsprosenten har variert mellom 69 og 92 % i perioden 1992 – 2019. Høg fellingsprosent og god fordeling av uttaket på alder og kjønn er viktig for å ha ei målstyrt forvaltning.


Det har i ei årrekke vore gjennomført vårteljingar av hjort på innmark. For Sande har vi data attende til 1993. Det har dei fleste åra vore gjennomført to teljingar, nokre år tre. Herøy og Sande Jeger og Fiskeforening har i lag med andre frivillige og interesserte personar stått for arbeidet. Teljingane har i mange år vore gjennomført på same tid i kommunane på Søre Sunnmøre, koordinert gjennom Søre Sunnmøre Hjorteviltutval. Siste åra er oppgåva ivareteken av jegarar i samarbeid med kommunane.

Flest muleg vårteljingar er viktig slik at ein har eit best muleg grunnlag for å vurdere storleiken på vårbestanden. Ved å gjennomføre fleire teljingar er ein mindre avhengig av vêrtilhøve, kor langt våren er komen, spreining av husdyrgjødsel mm.


Teljinga blir gjennomført av personar som har vore med i ei årrekke. Det er viktig at teljinga blir gjennomført på same måte kvart år.

Vårteljingar kan gje ein indikasjon på utvikling i stammen, spesielt sett over tid. Resultatet kan variere mykje frå år til år, men over tid vil ein likevel kunne sjå ein trend. Det er gjennomført to teljingar kvart år. Ein vil då kunne få eit meir representativt resultat enn ved ei teljing med omsyn til t.d. kor langt våren er komen, spreining av husdyrgjødsel og vêrtilhøve ved teljing. Vi veit ikkje sikkert kor stor del av stammen vi greier å telje, men vi vil tru at delen telte dyr av totalbestanden ikkje endrar seg særleg frå år til år.





Under føresetnad av at stammen er nokolunde i balanse med omsyn til kjønn og alder før jakta startar bør ein ideelt sett ta ut like mange hanndyr og hodyr. Samla sett har avskytinga fordelt på kjønn og alder vore tilfredstillande for perioden 2015 – 2019. Delen hanndyr i jaktuttaket var noko høgt tidlegare år, særleg gjeld dette i perioden 1986 - 1996. Dei siste åra har uttaket av ho- og hanndyr vore ganske likt fordelt.



I veksande bestand vil ikkje skeivheiter i uttaket ha så stor betydning for samansettinga i bestanden. I samband med reduksjon i stammen vil derimot små skeivheiter i jaktuttaket kunne gje skeivt kjønnsforhold i bestanden som er att. Det er såleis ei større utfordring å behalde ein stamme med god kjønnsamansetning ved reduksjonsavskyting. Måla for uttaket må derfor vere deretter. Forskingsresultat tyder på at mange koller pr. bukk til slutt medfører lågare kalvevekt og fleire fødde hokalvar.

Gurskøy Sør vald gjennomførte i 2006 og 2007 eit strengt regime i høve til uttak av hanndyr. Målet var å spare eldre hanndyr for å få fleire "brølebukkar" i stammen. Det vart desse åra såleis felt færre hanndyr og færre dyr totalt enn det som var planlagt.

I ein stamme med balansert kjønnsfordeling er det spesielt viktig å skyte på tvers av alle kjønns- og alderskategoriar. Viss den eksisterande kjønns- og aldersstrukturen er skeiv, er det spesielt viktig at ein tek omsyn til dette ved gjennomføring av reduksjonsavskyting.

Dei siste to åra har det vore registrert i overkant av to koller pr bukk. Tilbakemeldingane no er at vi har ein balansert hjortestamme i høve kjønn og alder.

4.2 Mål for hjorteforvaltninga i Sande

Kommunen har gjennom mange år hatt eit uskrive mål om ei forutsigbar og langsiktig forvaltning med uttak på tvers av stammen. Det har også vore eit uskrive mål om å stabilisere/reducere hjortestammen i kommunen. Det vart gjennomført to år med auka uttak i 1997 og 1998 for stabilisere/reducere hjortestammen i kommunen. Etter den perioden har det vore lite endring i dei totale tildelingane for dei enkelte valda sett i høve til teljande areal. Fordelinga av tildelte fellingsløyve mellom alder og kjønn har vore lik for vald med likt tal fellingsløyve. Det har likevel vore endringar i fordelinga mellom alder og kjønn i tildelingane til vald utan bestandsplan.

For å nå målsetnaden om ein sunn og produktiv bestand og ei forutsigbar bestandsutvikling er det viktig å ha ein viss del dyr i alle kategoriar. Det vil seie at vi må arbeide for ein bestand med ein tilstrekkeleg del eldre dyr og eit balansert kjønnsforhold.

Mål for hjorteforvaltninga i Sande:

- Sande kommune skal gjennom den kommunale hjorteforvaltninga gi valda høve til å forme ein sunn og livskraftig hjortestamme, med eit bestandsnivå som ikkje fører til for store ulemper for biologisk mangfald, jord- og skogbruk.
- Som ein del av god bestandsforvaltning skal kommunen samle inn data og utarbeide statistikk som er til hjelp for å vurdere utviklinga i hjortestammen. I tillegg skal vårteljingar av hjort vidareførast.
- Valda i Sande skal gjennomføre oppgåvene sine i tråd med krav som er sett i lovverket og retningslinjer frå Sande kommune.
- Det skal haldast valdsleiarmøte kvart år.

- Sande kommune ønskjer å følgje med slaktevektene for hjort for å vurdere alderssamansetning, kondisjon og utvikling i stammen.
- Talet på trafikkulykker der hjort er innblanda skal ikkje auke i planperioden.
- Tal koller pr. bukk i "Sett-hjort"-registreringane skal vere 3:1 eller lågare i slutten av planperioden.
- Det skal utarbeidast retningslinjer for det kommunale viltfondet i løpet av planperioden.
- Redusere avlingstap gjennom å redusere konsentrasjon av hjort på dyrka mark i aktiv drift.

Tiltak:

Innsamling av materiale

- Alle vald med sine respektive jaktfelt skal levere rapportar og registrere opplysningar i Hjorteviltregisteret slik kommunen stiller krav om.

Påkøyrse av hjort

- Kommunen vil søkje samarbeid med grunneigar og vegeigar for å betre siktlinjer ved vegstrekningar med mykje hjort.
- Kommunen vil vere pådrivar i høve vegeigar for å få skilta «hjortefare» ved Drageskaret, der det er mest påkøyrse av hjort.

Redusere avlingstap

- Legge til rette for fleire gode beiteområder for hjorten ved betre skjøtsel av unytta dyrkamark.
- Oppfølging av driveplikt på dyrka jord.

Avskyting

- Valda skal sørge for at intern fordeling av fellingsløyve og avskyting av hjort er tilstrekkeleg i høve til dei måla som til ei kvar tid er sett.
- Kjønnforholdet mellom skotne dyr i alle alderskategoriar bør vere tilnærma 1:1 etter at ein har oppnådd den bestandsstorleiken ein ønskjer.
- Kalv og ungdyr bør utgjere minimum 55 % av alle felte dyr. Kalv bør utgjere minimum 20 % av det totale talet felte dyr.
- Delen vaksne dyr 2½ år og eldre bør ikkje vere over 45 % av talet felte dyr etter at ein har oppnådd den bestandsstorleiken ein ønskjer.
- Valda skal ved avskyting ta omsyn til aktive gardbrukarar som lir skade.

4.3 Rammer for bestandsplanar

Ei planmessig forvaltning av hjort krev samarbeid over større område, ideelt sett bør det vere eit samarbeid som dekkjer heile hjortebestanden sitt leveområde. Etter den nye forskrifta er det sett krav om at eit bestandsplanområde minst må dekkje eit areal på 20 gonger minstearealet i kommunen. Eit bestandsplanområde består av to eller fleire vald som samarbeider om bestandsplan. Det er i dag ikkje bestandsplanområder i Sande.

Etter forskrifta skal bestandsplanane vere fleirårige, men maksimalt 5 –årige. Planane skal mellom anna innehalde målsetting for bestandsutviklinga og plan for den årlege avskytinga med tal dyr fordelt på alder og kjønn.

Det kan skje relativt mykje endring i ein hjorteviltbestand på fem år. Maksimal lengde på første bestandsplanen i eit område blir derfor sett til 3 år. For seinare planperiodar skal planen evaluerast etter 2 – 3 år, der kommunen får skriftleg rapport etter evalueringa. Dersom fleire vald utarbeider bestandsplan, bør desse vere synkronisert.

Det er viktig med ryddige tilhøve internt i valdet. Bestandsplanane bør derfor innehalde klare reglar i høve til intern organisering, samjakt, årsmøte, vedtekter, feilskyting m.m.

Avskytinga bør vere over 80 % årleg i valdet. Dersom det blir felt under 60 % av planlagt uttak eit år, skal planen evaluerast internt. Det skal då også gjennomførast møte mellom bestandsplanvaldet og kommunen for å drøfte situasjonen og om det er grunn til endring/oppseiing av planen.

Eventuelle reglar om ekstradyrkvote, skrapdyr og vektgrenser for desse, er interne reglar som bestandsvald kan nytte for å stimulere til ønska avskyting. I høve til kommunen er det viktig at desse dyra blir rapportert rett etter krava og i høve til faktisk alder.

Bestandsplanane skal tilfredsstillе krav sett i gjeldande lov og forskrift og skal innehalde målsetting for bestandsutviklinga i samsvar med dei kommunale målsettingane.

Det planlagde uttaket skal vere jamt fordelt mellom åra i planperioden og kvart år ha ei jamn fordeling mellom alder og kjønn. Jamn fordeling mellom kjønn er 50 % hanndyr og 50 % hodyr. Eventuelle avvik frå dette skal vere grunngjeve. Uttaket skal fordelast mellom vaksen bukk, vaksen kolle, spissbukk, 1 ½ - års kolle og kalv.

Bestandsplanane skal ta omsyn til aktive gardbrukarar som lir skade.

4.4 Mål for organisering av bestandsplanområde

Sande kommune hadde i 2020 eitt vald med bestandsplan og sju vald utan.

Den nye forskrifta inneber at eit bestandsplanområde skal bestå av to eller fleire vald som samarbeider og at bestandsplanområde må dekkje minst 20 gonger minstearealet.

Ut frå dei nye reglane og storleiken på kommunen er det eit overordna, langsiktig mål å organisere eit bestandsplanområde som omfattar heile kommunen. Dette er eit arbeid som vil krevje både tid og modning, og det blir derfor ikkje sett mål om gjennomføring i denne planperioden.

4.5 Mål for dei enkelte områda

Planane for dei enkelte områda må vere tilpassa kommunen sitt overordna mål om å stabilisere/reducere hjortestammen.

Områdeinndelinga under er ikkje samanfallande med eksisterande valdstruktur, men er ei meir overordna gruppering. Vurderingane frå kommunen om bestanden bør stabiliserast,

reduserast eller om det er rom for auke er retningsgivande og vurdert ut frå situasjonen siste året. Konkrete val og prioriteringar må gjerast av kvart enkelt vald.

På Kvamsøya bør hjortestammen stabiliserast. Der er god avskyting i høve tildelingar, og er vurdert å vere ein sunn bestand med noko vandring over fjorden.

På Sandsøya har det vore teke ut mange dyr i høve teljingar siste åra, og bestanden bør stabiliserast slik den er i dag så den ikkje vert for liten og sårbar.

På Voksa har det ikkje vore sett dyr på fleire år.

I nokre område som t.d. Haugsbygda og Gjerdsvika, kan det vere rom for litt auke i bestanden.

I Larsnes/Gursken-området er hjorten mykje konsentrert på områder med dyrka mark, og det er rapportert om ein del plager og skader. Det har vore høge teljingar og god fellingsprosent siste åra, og stammen kan reduserast noko.

5.0 Jakttid

Etter «Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022» er jakttida for hjort frå og med 01.09. til og med 23.12.

Denne jakttida gjeld for alle kommunar der det er opna for hjortejakt.

Forskrift om storviltjakt, Møre og Romsdal, FOR-2002-04-01-334, opnar for hjortejakt i Sande kommune.

6.0 Tidsfristar og oppgåver

Oppgåve	Tidsfrist	Ansvarleg
Fremme framlegg til endring av minsteareal til kommunen	1. mars	Kven som helst
Melding til kommunen om endringar i valdet	1. april	Valdansvarleg representant
Fastsetting av forskrift om endra minsteareal	15. april	Kommunen
Søknad om godkjenning av bestandsplan/vald/ bestandsplanområde	1. mai	Valda
Godkjenning av bestandsplan/ vald/bestandsplanområde	15. juni	Kommunen
Utsending av fellingsløyve	15. juni	Kommunen
Levering av fellingsrapport etter at jakta er slutt	6. januar	Valda
Registrere Sett-hjort i Hjorteviltregisteret	Fortløpande gjennom jakta	Valda
Registrere slaktevektskjema og anna fastsett av kommunen i Hjorteviltregisteret	Fortløpande gjennom jakta	Valda
Innbetaling av fellingsavgift	1. mars	Valda
Gjennomføre vårteljing som fastsett	April/mai	Kommunen i samarbeid med lokale jegarar.
Valdsleiarmøte	1. halvår	Kommunen
Veging av felte dyr	Ved slakting	Valda

7.0 Oversikt over målsettingar og tiltak

Målsetting	Tiltak
<p>Sande kommune skal gjennom den kommunale hjorteforvaltninga gi valda høve til å forme ein sunn og livskraftig hjortestamme, med eit bestandsnivå som ikkje fører til for store ulemper for biologisk mangfald, jord- og skogbruk.</p>	<p>Valda skal sørge for at intern fordeling av fellingsløyve og avskyting av hjort er tilstrekkeleg i høve til dei måla som til ei kvar tid er sett.</p>
	<p>Kjønnsforholdet mellom skotne dyr i alle alderskategoriar bør vere tilnærma 1:1 etter at ein har oppnådd den bestandsstorleiken ein ønskjer.</p>
	<p>Kalv og ungdyr bør utgjere minimum 55 % av alle felte dyr. Kalv bør utgjere minimum 20% av det totale talet felte dyr.</p>
	<p>Delen vaksne dyr 2½ år og eldre bør ikkje vere over 45 % av talet felte dyr etter at ein har oppnådd den bestandsstorleiken ein ønskjer.</p>
	<p>Valda skal ved avskyting ta omsyn til aktive gardbrukarar som lir skade.</p>
<p>Som ein del av god bestandsforvaltning skal kommunen samle inn data og utarbeide statistikk som er til hjelp for å vurdere utviklinga i hjortestammen. I tillegg skal vårteljingar av hjort vidareførast.</p>	<p>Alle vald med sine respektive jaktfelt skal levere rapportar og registrere opplysningar i Hjorteviltregisteret slik kommunen stiller krav om.</p>
	<p>Gjennomføre vårteljingar.</p>
<p>Valda i Sande skal gjennomføre oppgåvene sine i tråd med krav som er sett i lowerket og retningslinjer frå Sande kommune.</p>	<p>Gjennomføre tiltak i forvaltningsplan for hjort, reglar i lowerk og anna.</p>
<p>Det skal haldast valdleiar møte kvart år.</p>	<p>Gjennomføre valdleiar møte.</p>

Målsetting	Tiltak
Sande kommune ønsker å følge slaktevektene for hjort for å vurdere alderssamansetning, kondisjon og utvikling i stammen.	Alle vald med sine respektive jaktfelt skal levere rapportar og ha gode rutiner for registrering i Hjorteviltregisteret.
Talet på trafikkulykker der hjort er innblanda skal ikkje auke i planperioden.	Søkje samarbeid med grunneigar og vegeigar for betre siktlinjer og skilting. Valda skal sørge for at intern fordeling av fellingsløyve og avskyting av hjort er tilstrekkeleg i høve til dei måla som til ei kvar tid er sett.
Tal koller pr. bukk i "Sett hjort"-registreringane skal vere 3:1 eller lågare i slutten av planperioden.	Valda skal sørge for at intern fordeling av fellingsløyve og avskyting av hjort er tilstrekkeleg i høve til dei måla som til ei kvar tid er sett.
Det skal utarbeidast retningslinjer for det kommunale viltfondet i løpet av planperioden.	Utarbeide retningslinjer for det kommunale viltfondet.
Mål for utvikling av hjortestammen i ulike delar av kommunen.	Tildeling til enkeltvald i tråd med målsetting for området, retningslinjer for bestandsplan og retningslinjer i forvaltningsplanen. Bestandsplaner i tråd med målsetting og retningslinjer i forvaltningsplanen.
Redusere avlingstap	Legge til rette for fleire gode beiteområder for hjorten mellom anna gjennom betre oppfølging av driveplikta.